



Saksframlegg

Søknad tom tilskot til Sørbygda aktivitetsplass, tilleggssak

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har formannskapet

Dokument i saka:

Søknad om kulturmidlar
Søknad om særskilte tiltak
PS 15/25 samla saksprotokoll frå OKO utvalet

Bakgrunn for saka:

I OKO møte 6. mai, sak 15/25 ble det handsama sak om stønad til Sørbygda aktivitetsplass, og det blei fatta fylgjande vedtak:

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 06.05.2025 Fyresdal kommune stør tiltaket Sørbygda aktivitetsplass med kr 10.000,-. Med løyving frå 1113 470 231 Restsum i disponibel pott blir då kr 22.500,- Saka blir sendt vidare til formannskapet.

I innstillinga står fylgjande frå Fyresdal AP:

Innstilling frå kommunedirektøren samrøystes vedteke.

Under saka kom fylgjande framlegg:

Fyresdal AP Det er viktig for Fyresdal AP og skape bulyst i Fyresdal. Dette ser vi som så godt eit initiativ at vi ynskjer å stø søknaden med kr 40.000kr som det er søkt om. Sidan middlane til OKO er begrensa. Er det gjort avtale med ordførar/ formannskap om at saka vert sendt vidare til deira møte i morgon sidan dei har meir disponible middlar. OKO - støtter søknaden med 10.000kr, formannskapet dekker inn resten. Samrøystes vedteke

Her er bakteppe for den opprinnelege søknaden

Sørbygda aktivitetsplass er ein nyleg oppretta organisasjon, som har som mål å lage ein samlingsplass for folk i Sørbygda, og eventuelt andre. Dei søkte i fyrste omgang om kulturmidlar, men ein vurderer dette som eit eingongstiltak, og ikkje drift, derfor blir

søknaden handsama som særskilt oppgåve og tiltak. Hovudtanken er å få folk ut, og få ein uformell samlingsplass for leik og aktivitet, men og som ein møteplass. Dei har fått leikeapparata etter Fyresdal kommune som stod ved Spar, og treng midlar til å få sett dette opp.

Dette er kostnadsrekna til kr 40.000,-, og er utgifter til gravemaskiner, sand og pukk og transport av dette, og utgifter til gjerde. Området må sikrast mot ein ein bekk, som til tider har stor vannføring.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Støtte opp om innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod. Styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler.

Tiltaket som Sørbygda aktivitetsplass setter i gang er positiv og stør opp om Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige i kommunens samfunnsplan, som nemnt over. Det å legge til rette for møteplassar, jobbe for ei meningsfull fritid for fleire, og forebygge psykisk uhelse er viktig, dette er også nemnt som viktige tiltak i ny temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025- 2032. Dei har fått eit aktivitetsapparat, så det er utgifter knytt til oppsetting og etablering av området det gjeld. I søknad om kulturmidlar har dei estimert at det er 35 barn i alderen 0-19 år i området som kan gjere nytte av tiltaket, i tillegg til om lag 40 vaksne.

OKO utvalet gjekk inn med kr 10.000,- til tiltaket, og i saka til utvalet blei det streka under at ein tenker det kan vere relativt enkelt å skaffe eksterne midlar frå aktørar som til dømes sparebankstiftelen DNB, Sparebanken Norge (tidlegare Sparebanken Sør), og Gjensidigestiftelsen. Kommunedirektøren meiner at det kan skape presedens dersom ein går inn for kommunalt tilskot til heile beløpet. Dette er uheldig, når vi veit at det ikkje ligg inne midlar til slike tiltak i budsjetta for kultur, og det er begrensa med midlar i dei disponible pottane til OKO utvalet og t.d. formannskapet.

I formannskapet 7.mai blei saken uformelt drøfta, det kom opp fleire spørsmål som politkarane ville ha belyst i ei ny sak.

Treningsapparatet dei skal sette opp er laga av tre, og er allereie ein del år gammalt. Det blei tatt ned frå Århusjordet av forskjellige årsakar, men vi veit at ein del av elementa trenger vedlikhald og kanskje oppdatering.

I tillegg bør ein streke under at det er Sørbygda Aktivitetsplass som har hovudansvaret for vedlikehald og ettersyn, HMS og godkjenning., jfr. Lekeplassutstyrsforskriften § 16.

[Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr - Kapittel 1. Virkeområde og definisjoner - Lovdata.](#)

Byggefeltet i Sørbygda er ikkje eit kommunalt byggefelt, og leikeplassen der er då heller ikkje eit kommunalt ansvar. Det er ikkje tinglyst grunn til leikeområde det ein kan sjå, og grunnen dei tenker å ta i bruk ligger på Andreas Valebjørg sin grunn. Ein føreset at det ligg føre rett til bruk av grunn av området, til det føremål som er tenkt.

Konklusjon:

Det var eit politisk ynskje om å gje ytterlegare tilskot enn tilskotet på kr 10.000,- frå OKO utvalet. Kommunedirektøren rådar ikkje til dette, då det vil gje presedens til liknande saker. Det er ikkje avsette midlar i kommunale budsjett til slike tiltak, slike søknadar vil

då gå rett til politisk handsaming med løyving frå utvala sine disponible pottar. I tillegg meiner kommunedirektøren det bør vere mogleg å søkje midlar frå eksterne stiftingar som nemnt tidlegare i saka.

Ein rår derfor ikkje til å gå inn for å gje heile beløpet som omsøkt, men stå ved vedtaket frå OKO utvalet. Ved å gå inn med delvis stønad stør ein likevel opp om det positive engasjementet og tiltaket dette er.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune avslår søknad om vidare stønad til Sørbygda aktivitetsplass, med grunngjeving av at det i møte 6. mai allereie er gitt kommunalt tilskot på kr 10.000,- frå OKO utvalet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur